

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2020-2040

Medverknad – grendamøter

Det vart haldne 3 grendamøter:

- 27. august: Øvrebygda på Øvrebygda Skule, frammøte 11 personar
- 28. august: Dåfjorden på Selevik Skule, frammøte 27 personar
- 29. august: Stranda på Stranda Grendahus, frammøte 13 personar

Det var satt av tid frå kl 19.00 til kl 21.30 for alle 3 møtene.

Referat:

Grendamøtene vart haldne over same leist.

Ordførar ønskte velkomen og orienterte om bakgrunnen for prosessen. Om viktigheten av samfunnsdelen til kommuneplanen og om framtida for Fitjar, og at planen skal omhandla strategiar og utvikling av lokalsamfunnet i heile kommunen.

Dernest orienterte rådmannen om visjonen for Fitjar Kommune «Fitjar Naturlegvis». Vidare tok ho med FN sine berekraftsmål, og kva dei har å seia for Fitjar. Og om nokre sterke drivkrefter som endrar samfunnet vårt dei neste 20 åra:

- Klima og miljø. Det grønne skiftet
- Befolkningssamansetninga – den aldrande befolkninga
- Kommuneøkonomi
- Kampen om arbeidskrafta – busettjing, rekruttering
- Digitalisering
- Store samferdselsprosjekt – Hordfast

Vidare at hovudtema for kommuneplanen er følgjande:

- Fitjar i bærekraftig vekst
- Bulyst
- Levande sentrum
- Den grønne kommunen
- Smarte og kompetente kommunale tenester
- Inkludering og mangfald
- Sterke saman (felles kapittel med Stord og Bømlo)

Og til slutt om medverknadsprosessen for auka idetilfang og relevans. Om alle møter med grendene, innbyggjarpanel, med næringslivet, og ymse møteplassar. Høyringsperioden er desember 2019 til februar 2020 og endeleg avgjerd i kommunestyret våren 2020.

Etter orienteringa til ordførar og rådmann vart det stilt 3 spørsmål til deltakarane som dei skulle svara på med å bruka mobiltelefonen som mentometerknapp. På dei 3 spørsmåla kunne ein skriva 3 svar, og så ville dei svara som vart nemnt flest gonger framtre med størst bokstavar i ei ordskey på lerretet. Dei som ikkje hadde mobiltelefon fekk utdelt gule lappar dei kunne skriva på. Etter kvart spørsmål vart det opna for kommentarar og diskusjon.



Frå grendamøtet i Strando

Øvrebygda 27.08.2019

11 personar hadde funne vegen til grendamøte i Øvrebygda. Øvrebygda Skule har dårleg mobildekning. Slik at mentometer-opplegget måtte erstattast av gule lappar til alle. Følgjande 3 spørsmål vart stilt:

1. Kva er styrken til Fitjar?
2. Kva er styrken til Øvrebygda?
3. Korleis kan Fitjar bli meir attraktiv for tilflytting?

1. Kva er styrken til Fitjar? – svara som kom inn:

Bredt næringsliv, naturressursar, folkefellesskap, gode tenester, sjø, fjell, landbruk, naturen, næringslivet, grendene, liten, natur, samhald, stabile innbyggjarar, tilhøyrighet, gode tradisjonar, variert næringsliv, areal-god plass, samarbeid frivillige, gode offentlege tenester, god eldreomsorg, natur, mange grundera, bra idrettsmiljø, bra sjøliv øya.

Kommentarer og diskusjon rundt spørsmålet:

-Det er ein styrke at Fitjar er ei konsentrert og lita bygd.

2. Kva er styrken til Øvrebygda? – svara som kom inn:

Godt samhold, skulen, engasjerte folk, samhald, skulen, byggjeland, sentralt på øya, kan bu meir perifert, dei som buset seg her vil bu her, passeleg avstand til Fitjar sentrum og Stord sentrum, samholdet, skulen, naturen, skulen, gode naboar, godt oppvekstmiljø, flott natur, sentralt mot både sentrum og Stord, god skule, gode naboer, samhold, bra skule.

Kommentarer og diskusjon rundt spørsmålet:

-Øvrebygda har sentral plassering mellom Fitjar og Stord.

-Her er fin natur og turområde med gode turmuligheter.

-Me må bli flinke å framsnakka grenda

-Her er mulighet for båt plassar og nausttomter

-Øvrebygda ligg veldig sentralt plassert for transport både til Fitjar sentrum, Sagvåg, Heiane og Leirvik. Det tar 18 minutt å køyra til Kværner. Det er kortare tid enn frå Haga i Stord.

3. Korleis kan Fitjar bli meir attraktiv for tilflytting? – svara som kom inn:

Meir bygging av hus, meir utbygging i utkantane, best mogleg tenester, kultur – fritidstilbud, næringsutvikling, jobbar for ulike yrkesgrupper, lett å byggja/ kjøpa hus, framtidstru, tilrettelegge for bygging i grendene, tilbud for alle aldrar, næringslivet, mulighet for å byggja utanfor sentrum, båtplassar/ båtoppdrag (rampe), tilrettelegging for bygging, aktiv næringspolitikk, frivillig sektor, fleire arbeidsplassar, billigere tomter, fleire arbeidsplassar, ikkje meir vindmøller.

Kommentarer og diskusjon rundt spørsmålet:

- Me er i konkurranse med omkringliggjande kommunar.
- Det er viktig at ungdomen blir buande, me må leggja tilrette for det. Ein må gjerne lokke ein make til Fitjar.
- Viktig med høve for bygging i grendene.
- Det bør vera rimelege tomter.
- Viktig med enkelt høve for bygging i LNF-spreidd i flest mogleg område.
- Me må ha eit mangfald i bustadpolitikken med gode muligheter for fleire ulike buformer.
- Me saknar felles (kommunale) båtoppdrag. I dag har gjerne folk båten på hengar heime i hagen. Det bør vera høve for å parkera bilen med hengar i nærleiken av eit felles båtoppdrag.
- Med Hordfast vil Fitjar bli del av eit større bu- og arbeidsmaked. Ein har større høve til pendling til/frå Bergen.
- Bømlo sin kommuneplan er kanskje meir visjonær enn Fitjar sin.

Dåfjorden 28.08.2019

27 personar hadde funne vegen til grendamøte for Dåfjorden. Selevik Skule har god mobildekning så her fungerte mentometeropplegget bra. Dei som ikkje hadde mobiltelefon fekk utdelt gule lappar. Følgjande 3 spørsmål vart stilt:

1. Kva er styrken til Fitjar?
2. Kva er styrken til Selevik?
3. Korleis kan Fitjar bli meir attraktiv for tilflytting?

1. Kva er styrken til Fitjar? – ordschy:

Kva er styrken til Fitjar

Mentimeter



Frå dei gule lappane:

Omsorg/ dugnad, sjø, samhald, mangfald, oversiktig, allsidig natur, samhold, natur, omsorg, helse/ omsorg, skule, kultur, naturen, landbruk.

Kommentarer og diskusjon rundt spørsmålet:

- Det er eit stort potensiale i øyane som kanskje ikkje er utnytta nok.
- Styrken er samholdet og dugnadsinnsatsen, men som me må dyrka meir.
- Det er kanskje litt bastant å ikkje ta i mot innspel undervegs i planarbeidet som t.d. i Stord sin kommuneplan. Det bør vera høve å koma med mindre innspel/ saker undervegs.
- Den komande eldrebølgja må ikkje sjåast på som eit problem, den kan vera ein god ressurs. Gruppa må engasjerast for å få til å delta.
- Turisme og kultur kan kombinerast. Til dømes kan ein driva museumsverksemd på Smedholmen, med opplæring av dei unge. Me bør tilretteleggja for bærekraftig turisme.

2. Kva er styrken til Selevik? – ordsky:



Frå dei gule lappane:

Trivsel, dugnad, skule/nærmiljø, god plass rundt oss, egen skule og barnehage, dugnadsånd, dugnad, nær skule, tilflytting, beliggenhet, samhald, nær skule, samhald, dugnad, aktive innbyggjarar, nærhet til Sagvåg, samhandling, beliggenhet, barnehage, trygghet.

Kommentarer og diskusjon rundt spørsmålet:

- Det er stort potensiale i Selevik.
- Her er korte avstandar med like langt til Fitjar sentrum og Leirvik.
- Me må samla bygda til felles mål med viljestyrke både for Dåfjorden og Fitjar.

3. Korleis kan Fitjar bli meir attraktiv for tilflytting? – ordsdy:

Korleis kan Fitjar bli meir attraktiv

Mentimeter



20

Frå dei gule lappene:

Må bli ein ja-kommune, arbeidsplassar, sikker skule og SFO, betre tilrettelegging av bustadtomter utanom byggingfelt, ivareta og skape nye arbeidsplassar, bustadtomter, busstilbud, natur og kultur, fleire arbeidsplassar, framleis gode helsetilbud, bli ein ja-kommune, båtutleige, rimelege tomter/ husvære, turismesatsing (arbeid innan turisme), framsynte politikere, betre kommunikasjon, meir handlekraft, arbeidsplassar, tilbud til unge/ barn, bedre veg.

Kommentarer og diskusjon rundt spørsmålet:

- Både arbeidsplassar og byggingland. Begge deler er viktig.
- Me bør få til eit samarbeid med Stord om planarbeid i Dåfjorden. Også kommunal transport planlegging.
- Også eit samarbeid om vegplanlegging i Dåfjorden med Stord er ønskjeleg.
- På Bømlø har dei grendautvalg. Det bør me også få til på Fitjar, for betre kommunikasjon med innbyggjarane.
- Me må satsa på grendene for å oppretthalda Fitjar sentrum.
- Skule, barnehage og bustadtomter er viktigast for Dåfjorden. Dei fleste som bur i Dåfjorden arbeider i Stord.
- Histora om korleis brua til Dåfjorden vart bygd ved Berge Aarbø som lova bru om han vart valgt til ordførar. Historia visar at ein ikkje må vera redd for å satsa.
- Me må ha betre skuleplanlegging med lenger horisont. Korte skulebruksplanar som i dag medfører ein uheldig usikkerhet.
- Dåfjorden manglar samfunnshus, det bør me få til.
- Fasttelefonen vert fasa ut i 2025. Det er ikkje mobildekning over alt. For bl. a. helse- og brannberedskap er det viktig å få god dekning overalt.
- Det er eit stort potensiale å mobilisere dei unge eldre i bl. a. frivillig sektor.
- me må bygge opp Fitjar sentrum med eldrebustader.
- Me må få fleire bustader for eldre i sentrum. Dei eldre ønskjer gjerne korte avstandar og bu sentralt, og mindre i grendene.

2. Kva er styrken til Stranda? – ordsky:

Kva er styrken til Stranda

Mentimeter



7

Frå dei gule lappane:

Samhold, godt naboskap, kort veg både til sør og nord, handjupna, sauene, nærhet til Osterneset, nærhet til sjø, natur, sterkt trafikk, natur, utsikt, turterreng.

Kommentarer og diskusjon rundt spørsmålet:

- Det er potensiale i Stranda
- Det er ei plage med all trafikken på E39.
- Me ligg enten i 100m beltet til sjø eller 50m til E39, resten er LNF-område. Det blir utfordrande å få til ny busetnad.
- Det er ein styrke med mulighet å gå rett på bussen til Bergen og Stavanger.
- Me har gode framtidsutsikter i samband med Hordfast-planar.
- Det har blitt meir trafikkstøy enn tidlegare pga desse rumlefelte på vegsidene og på midtstripa.
- Når Hordfast kjem blir det neppe utbetringar på vegen til Fitjar.
- På Osterneset er me alle småbrukarar. Det er umogleg å få bygt eit hus nr 2 på gardsbruk. Før bygde dei alltid eit kårhus. No set fylkesmannen foten ned.
- Me må ta kampen opp mot fylkesmann og fylke som stikk kjeppar i hjula for «all» bygging. Politikarane må ta opp kampen i større grad.
- Me må skapa eit miljø for å trekka til oss småbarnsfamiliar. Då må tilgangen til sjø, småbåthamn, mulighet for naust, rorbu betrast. Det er viktig for at nye folk skal busetja seg i grendene.
- Me bør ikkje tenkja på 100m beltet i det heile i samfunnsdelen.
- E39 er utfordringa på Stranda. Osterneset har andre utfordringar. Me er kun 2 frå Osterneset her i dag.
- Det er bra at fylkesmannen er tilstades og set foten ned og held igjen slik at me ikkje får ukontrollert bygging i strandsonen. Me må ta vare på dei fine vågane med gamalt naustmiljø.
- Det er mykje støy frå vindmøllene som gjer eindel av områda her ueigna for bygging. Nye byggjefelt må difor koma ned mot fjorden.
- Det er meir lyd frå møllene enn frå ferjene. Det er gløymesak å sova med vindua opne til tider.
- På Stranda manglar med husnummer. Det er ønskjeleg.

3. Korleis kan Fitjar bli meir attraktiv for tilflytting? – ordsky:

Korleis kan Fitjar bli meir attraktiv for tilflytting

Mentimeter



Frå dei gule lappane:

Billegare tomter i krinsane, nye arbeidsplassar, enklare byggesøknadshandsaming, samarbeid mellom krinsane, kommunikasjon.

Kommentarer og diskusjon rundt spørsmålet:

- Selg vinnmøllene på finn.no.
- Kommunalt vatn stoppar vel i dag på Landa. Me må få kommunalt vatn og avløp vidare til kommunegrensa i sør her på austsida.
- Det er dyrt å byggja i krinsane pga krav om reguleringsplan, VVA, for gravgrendt bygging. Til og med for berre eit hus.
- Etter stormen Nina var straumen borte i 3 døger. Også vatnet pga manglande straum til pumper i borehola.
- Ein bør i høgaste grad nemne i samfunnsplanen at det er ønskjeleg med fleire LNF-kan område.
- Me vil bli avhengig av valg av trasé for E39. Får me brua ved Jektevik så er mottoet: LET'S MAKE STRANDO GREAT AGAIN.
- Me har ulike utfordringa i Strando og Osterneset, men me har også samarbeidd. Me hadde tidlegare eit felles fotball-lag med namnet STRATOS.
- Me ønskjer utbygging av meir gang-/ sykkelveg på Stranda-sido.
- Det viktigaste er å ha reguleringsplanane for gang-/sykkelvegane klare når pengar plutselig blir tilgjengelege.
- Det er ønskje om betre veg til Osterneset. Det er ein fylkesveg.
- Det er veldig bra det som Kraftlaget har gjort med fiberutbygging.
- Det må leggjast til rette for bygging av mindre felles småbåtanlegg. Me må gå i lag lokalt.
- Busstilbodet må bli betre. Bussar som kjem sørfrå har gjerne Jektevik som endeholdeplass, og dei som kjem nordfrå stansar i Sandvikvåg. Fleire bussar må gå heile vegen rundt øya.
- I Osterneset har me kun buss på torsdagar, og slik vil me ha det. Sjøl om eg har kona utan «lappen».